

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014

Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av forholdet mellom skuleeigar og skular.

Dan Femoen sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag a) til opplærings- og helseutvalet:

"Disse representantene viser til forvaltningsrevisjonens problemstilling 4. Her fremgår det at det er utarbeidet en oversikt som gjør det mulig å sammenligne skoler med hensyn til elevene sitt resultat og gjennomføring. Ber om at denne oversikten oversendes opplærings- og helseutvalget.

Dan Femoen sette fram slikt forslag b):

"Fylkestinget ber om at forvaltningsrevisjonen vert oversendt opplærings- og helseutvalet til orientering."

Alexander Fosse Andersen sette fram slikt forslag:

"Tillegg etter første kulepunkt i punkt 1:
.....utan at dette medfører store rapporteringskrav for den einsskilde lærar."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Femoen sitt forslag a) vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Femoen sitt forslag b) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Forholdet mellom skuleeigar og skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Vidareutvikle kvalitetssystemet slik at ein får eit system som i større grad bidrar til å vurdere om alle krav i opplæringslova blir følgt, herunder:
 - etablere eit avviksmeldesystem som bidrar til å sikre at avvik frå opplæringslova blir meldt, handtert og dokumentert utan at dette medfører store rapporteringskrav for den einsskilde lærar
 - vurdere å gjennomføre risikobaserte stikkprøvekontrollar innanfor ulike område for å bidra til å avdekke avvik frå krav i lov og forskrift
2. Vidareutvikle plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane ved å
 - utarbeide meir skriftleg rettleiing eller dømme på korleis data frå PULS kan nyttast i plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane, mellom anna for å sikre fokus på gjennomføring
 - gjennomføre planlagt opplæring i analyseverktøyet PULS for å sikre at skulane og fylkeskommunen får best mogleg utbytte av systemet
 - i større grad gi rom for og følgje opp dei skulevise utviklingstiltaka som ikkje direkte kan knytast opp til skuleeigar sine definerte tiltaksområde
3. Avklare kva oppfølging rektorane saknar med omsyn til mellom anna økonomispørsmål, og vurdere å vidareutvikle den oppfølginga som blir gitt.
4. Klargjere regionleiarane si rolle og fullmakter ved at det blir utarbeidd dokument som gjer greie for kva mynde dei er delegert.
5. Prioritere planlagt arbeid med å utarbeide omtalar av ansvar og prosedyrar innan personalområdet.

6. Utarbeide ein langsiktig strategi for å sikre nødvendig og tilstrekkeleg kompetanse i framtida mellom anna til yrkesfaga.
7. Sikre at skuleeigar i sine rapportar frå skulebesøka systematisk omtalar gjennomføring i tillegg til status på tiltaksområda for å halde fokus på dette overordna målet.
8. Sikre at oppfølgingsdialogen med skulane også har fokus på skulen si vurdering av sluttårsaker i tillegg til den informasjonen som går fram av statistikken for å sikre best mogleg tilpassing av tiltak.
9. Sikre at dei skulane som kunne ha nytte av å sjå kva andre skular lukkast med under liknande vilkår, når det gjeld gjennomføring, får informasjon og blir følgt opp systematisk i høve til dette.
10. Laga ein handlingsplan innan 02.01.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
11. Fylkestinget ber om at forvaltningsrevisjonen vert oversendt opplærings- og helseutvalet til orientering.